



Det Kongelige kunnskapsdepartementet
Postboks 9119 Dep

0032 OSLO

Vår ref.:
10/10471

Saksbeh.:
RB

Ark.:
233, A10

Dykkar ref.:

Dato:
06.07.2010

NYTT FINANSIERINGSSYSEM FOR IKKJE-KOMMUNALE BARNEHAGAR I EIN RAMMEFINANSIERT SEKTOR - UTTALE FRÅ SULA KOMMUNE

Sula formannskap gav i møte 29.06.10 (F-sak 063/10) samrøystes uttale slik det går fram av vedlegget til dette brevet.

Med helsing

Ronny Harald Blomvik
ordfører

Dok. dato	Tittel	Dok.ID
05.07.2010	Forskrift barnehage korrigert.doc	113165

Adresse:
Postboks 280
6039 LANGEVÅG

Telefon:
Sentralbord: 70 19 91 00
Saksbeh: 70 19 91 00
Telefaks: 70 19 91 01

E-post:
postmottak@sula.kommune.no
Web:
www.sula.kommune.no

Bankgiro:
3910 32 90515
Skattekonto:
6345 06 15317

Foretaksnr.:
964 980 543

Høyringsvar til finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehagar.

Forskrift §3 og §4.

Sula kommune støtter forslaget om likeverdig handsaming av alle godkjente barnehagar. Ein bør i størst mogeleg grad unngå vanskelege overgangsordningar og heller søke ei løysing der private og offentlege barnehagar kjem under same finansieringssystem der ein kan nytte ei felles forskrift. Det er borna som skal vektast og ikkje kven som er eigar av barnehagen.

Forskrift §5.

Reelle kostnader skal leggst til grunn for berekning av tilskot til private barnehagar. Born med spesielle behov må finansierast særskilt og bør difor ikkje influere på den generelle berekningsmodellen.

Forskrift §§5, 6 og 7

Det kan vere forskjellige årsaker til at ein barnehage har særskilde høge kostnader i forhold til kommunale på lik line med at kommunale barnehagar av ulike årsaker vert drifta dyrare enn private.

Kommunar med stor utbygging kan legge rekkefølgjekrav i eit utbyggingsområde noko som kan føre til at ein utbygger må gjer tiltak innan den tekniske infrastrukturen. Slik forskrifta no vil virke får ikkje private barnehagar kompensert denne meirkostnaden gjennom tilskotsordninga. Det kommunale systemet har andre måtar å utgiftsføre desse kostnadane på.

Nye bygg har ein høgre kapitalkostnad sett i forhold til eldre. Det vil derfor, for nyetablerte barnehagar, vere negativt at tilskotsordninga i ein av modellane foreslår at ein kan rekna ut frå eldre og langt nedbetalte bygg. Sjølv om ein opnar for at ein kan gi ekstraløvingar i slike høve må ein lage modellar som er forutsigbare for aktørane.

Vi må her ikkje sjå vekk ifrå at dei private tilbydarane er ein viktig aktør for å nå målet om full barnehagedekning i heile landet.

Ny §14a

Lovforslaget fastslår at offentlig tilskot og foreldrebetaling skal kome barna i barnehagen til gode, noko som etter vårt syn er ein sjølvsgt og fornuftig ting.

Ein legg elles opp til ein detaljert og noko uheldig regulering av overføringar av verdier til eigarar eller nærstående. Mellom anna er det synt til at ved opphør av barnehagedrift eller selskap skal bygg og anlegg kunne krevjast overført til kommunen, uavhengig av alder på bygget.

Dette meiner vi ikkje er i tråd med intensjonen om likebehandling av private og offentlege barnehagar der det offentlege vil stå fritt til omdisponering og marknadstilpassing.

Ein del mindre barnehagar er enkelte stadar bygd saman med bustadhus eller lagshus, barnehagar som vart opna som relativt små familiebarnehagar har blitt bygd på for å møte eit stadig aukande behov. Høyringa har ikkje fanga opp denne problemstillinga.

Ein må heller ikkje sjå vekk frå at det offentlege regulerar dette gjennom sine ordinære reguleringsplanar der formålet vert sett.

Barnehagane burde i utgangspunktet vere fritt omsettelege, både private og offentlege, av di reguleringsformålet styrer bruken av anlegga.

Ein bør i forskrifta søke å finne løysingar der private finn det forsvarleg å starte barnehagar. Høyringa set klare avgrensingar til mellom anna utbytte til eigar. Dette saman med ein offentleg overtakingsrett vil verke negativt på privat drift. Det har synt seg at det offentlege er avhengig av private aktørar for å nå målet om full barnehage dekning i heile Noreg.